

Aon Norway AS  
Postboks 234, Sentrum  
5804 BERGENDato: 31.05.2016  
Vår ref.: 2016/5342-1  
Saksbehandlar: fradahl  
Dykkar ref.:

## FORSIKRINGSMEKLING - INTENSJON OM TILDELING AV KONTRAKT

Hordaland fylkeskommune takkar for tilbod på forsikringsmekling. Vi fekk til saman fire tilbod og alle tilbydarane var kvalifisert for oppgåva.

Vi er no ferdig med evalueringa av tilboda. På bakgrunn av evalueringa har vi i dag bestemt oss for å tildele kontrakt på forsikringsmekling til Waco Forsikringsmekling AS.

Tildelingsbrevet og grunngjevinga følgjer reglene i Forskrift om offentlege anskaffingar paragraf 22-3 første og andre ledd jf. paragraf 20-16 første ledd.

Tilboda er vurdert etter dei oppgjevne tildelingskriteria i konkurransegrunnlaget som inneber at kontrakt skal tildelast den som gjev det økonomisk mest fordelaktige tilbodet, basert på følgjande tildelingskriterium:

NR	TILDELINGSKRITERIUM	VEKT - PROSENT
1	Pris	30
2	Kvalitet	40
3	Tilbydd kompetanse	30

Waco Forsikringsmekling har etter vår vurdering levert det økonomisk mest fordelaktige tilbodet.

Nærare grunngjeving for vår avgjersle

### Kriterium 1 Pris

Total pris for oppdraget i avtaleperioden er berekna basert på årleg fastpris for dei fire åra kontrakten kan gjelde. For personforsikring og skadeforsikring er det lagt til grunn 3 anbudsrundar for avtaleperioden. Det er vidare føresett at det vert arrangert 20 informasjonsmøter ( 5 årlege møter) i avtaleperioden ut over dei som er inkludert i den årlege godtgjersla.

### Kriterium 2 Teknisk og funksjonell løysing

WEB-dialog – løysing og design

Alle tilbydarane tilbyr WEB-dialog til Hordaland fylkeskommune. WACO Forsikringsmekling AS sin løysing har fått høgare score fordi den ettervår vurdering har betre funksjonar knytt til administrasjon av Hordaland fylkeskommune sine bygg og anlegg. I tillegg er søkefunksjonen betre for WACO Forsikringsmekling sin

WEB-dialog. Søkefunksjonen for WEB-dialogen til Aon Norway AS er berre retta mot dei filane som vert lagt inn og ikkje direkte mot innhaldet i det einskilde dokumentet.

#### Dokumentasjon – vilkår og føresegner

Alle tilbydarane kan legge inn ulike dokument på WEB-dialogen – til dømes forsikringsvilkår og tilhøyrande føresegner.

#### Opplæringsprogram

Alle tilbydarane har program for opplæring av tilsette og leiarar. WACO Forsikringsmekling AS sitt tilbod er betre enn dei andre tilbydarane fordi det mellom anna vert tilbydd interaktive kurs over intranett. Aon Norway AS tilbyr ikkje nettbasert opplæring med individuell registrering om programmet er gjennomført og har derfor fått lågare score enn Waco Forsikringsmekling AS her.

#### Informasjonsmateriell

WACO Forsikringsmekling AS si løysing har etter vår vurdering betre informasjon for den einskilde tilsette basert på søkefunksjon for individuelle kjenneteikn som mellom anna alder og løn. Aon Norway AS tilbyr ikkje kalkulator der individuelle kjenneteikn vert lagt inn på WEB-dialogen og forsikringsdekninga knytt til den einskilde medarbeidar vert dokumentert direkte på den WEB-baserte nettløysinga.

#### Skadeførebyggjande program

I høve til skadeførebyggjande program er tilboda frå Aon Norway AS og WACO Forsikringsmekling AS vurdert likt og dei er begge gitt høgaste score.

### Kriterium 3 Tilbydd kompetanse

Alle tilbydarane har tilgang på relevant juridisk spisskompetanse og har medarbeidarar som har svært brei og lang røynsle frå fagområdet med tilhøyrande og relevante autorisasjonar. Alle tilbydarane er gjeve høgaste score.

Waco Forsikringsmekling AS og Aon Norway AS si berekning av økonomisk fordelaktigheit (jf Konkurransesgrunnlaget pkt 4) går fram av tabellen nedanfor:

BEREKNING AV ØKONOMISK FORDELAKTIGHEIT					
	AON	WACO	VEKT	AON	WACO
	VEKTET POENG				
<b>PRIS</b>	<b>6</b>	<b>5,9</b>	30	1,80	1,77
<b>KVALITET - TEKNISK OG FUNKSJONELL LØYSING</b>	<b>5,4</b>	<b>6</b>	40	2,16	2,4
WEB-dialog - løysing og design	5	6			
Dokumentet i fulltekst - vilkår og føresegner	6	6			
Opplæringsprogram - for tilsette og leiarar	5	6			
Informasjonsmateriell - for tilsette og leiarar	5	6			
Skadeførebygging - program	6	6			
<b>KOMPETANSE</b>	<b>6</b>	<b>6</b>	30	1,80	1,8
CV	6	6			
Røynsle	6	6			
<b>SUM</b>			<b>100</b>	<b>5,76</b>	<b>5,97</b>

Som det går fram av tabellen har Waco Forsikringsmekling AS gitt det økonomisk mest fordelaktige tilbudet på forsikringsmekling til Hordaland fylkeskommune.

Det vert gjort merksam på at oppdragsgjevar tidlegast kan inngå kontrakt etter ein karenperiode på 10 dagar (ved utsending på e-post) rekna frå den dag etter at melding om tildeling er sendt, jf Forskift om offentlege anskaffingar paragraf 22 – 3 tredje ledd.

Eventuell klage må vere innkomen innan 20 juni kl 10.00.

Vi er leie for å måtte melde at de ikkje nådde opp ved dette høve. Vi takkar for Dykkar deltaking og ønskjer Dykk velkomen til å delta ved neste høve.

Trond Amundsen  
leiar

Frank Dahl  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*